

Hausten og miljøveka i Ulvik barnehage

I Ulvik barnehage har me miljøveka kvar haust og vår. No har me nett avslutta årets miljøveka med haustfest fredag 04.10. Me har engasjement for miljøet kring oss dagleg, men med ekstra fokus i miljøveka. Ein del av miljøperspektivet er å dyrka og nytta eigenprodusert mat, ha fokus på kvar maten vår kjem ifrå, redusere matsvinn, lata borna få medverka i mattilberedninga og gjennom alle desse aktivitetane gje borna ei gryande forståing for matproduksjon, motivera til eit sunt kosthald og medverka til at borna får ei gryande forståing for korleis fysisk aktivitet og sunn mat kan bidra til ei god helse. Ved å gje borna mogelegheit til aktiv deltaking, sjå resultat av eige arbeid og ikkje minst sjå verdien av **samarbeid** og kor mykje ein kan få til saman er med å gje borna eit grunnleggjande verdiperspektiv.

Miljøveka vart avslutta med haustfest fredag og sjølvstekt var små og store saman om å laga til festen. Grønsakene vart kuttet på førehand av ivrige små og store hender. Vår potetavling vart mange små poteter, så dei skal nyttast som delikatessepoteter litt seinare. Det vart samla lauv til pynt. På sjølvstekt dagen hadde me ulike stasjonar ute der ein td kunne smaka på ulike rå grønnsaker, delta i potetelaup, samarbeida om eit stort tekstiltrykkbilete som skulle pryda torgdagen (laurdag), me hadde bowling og det me kallar fallskjerm, elles mykje aktivitet som gjorde oss svoltne på herleg grønnsakssuppe.

I barnehagen har me gamle epletre, dei er gode å klatra i og dei gjev ein god del epler. Her kan me finna oss epler omtrent når me vil, og det rett ifrå treet. Det er det ikkje så mange barn som får oppleve. I tillegg lagar eplemost og pressar eplene til eplemost. Plommetre har me også. I år vart det akkurat så mykje plommer at me fekk laga litt plommesyltetøy. Dette fekk borna til mellommåltidet og brødmaten. Pæretre har me, men her har det ikkje vore noko avling enno. Me har ti pallekarmar der me freistar avle fram ulike grønnsaker og poteter. Eit viktig område i miljøperspektivet er å hindre matsvinn. Dette er noko me er optekne av i barnehagen. Det er viktig at me et opp maten vår. Ein avdeling synleggjer matsvinn ved å samle all mat som skulle gått i bioboset, i ein stor bolle med lok. Så vert mengda vege før den går i bioboset. I veke 40 var det 3,1 kg matavfall i avdelinga. Det er ganske bra, men målet er å koma lengre ned.

Me har avtale med Tonje Vaagø Erdal at ho tek med seg matavfall som hønene kan eta. Vidare same avtale med Camilla Hole Solheim, men ho tek med matavfall hestane. På denne måten får ein nytta noko av matsvinnet på ein god måte.

Ein runde med bossanking vart det også tid til. Turen gjekk innom miljøstasjonen, men dessverre var den stengt denne dagen, men me fekk sjå litt gjennom gjerdet.

Me har samarbeid med Kådn & Alde. Det er eit småbruk på Syse som held sau av gamalnorsk spælsau, dyrkar epler og driv handverksbakeri i den ombygde løa. Drivarane er Jorid Lekve

Eide og Frode Halvorsen. Her har me fått fylgja sauene Symra (og dei andre sauene) gjennom året. Me har fått ull til toving og me kjøpte eit lam som Frode parterte for oss. Å få eit slakt på avdelinga bidrog til mange spørsmål og undringar.

Sjøauren i Gauro er tradisjonen tru, fokusområde gjennom heile hausten, i samarbeid med Per Morten Tjoflot Ådland og Ulvik sportsfiskarlag. Me måtte sjølvsgat ned å sjekka om det stod bra til i elva og om gytegrepene er byrja syna seg. Ligg det til rette for sjøauresafari om ei veke eller to?


Me har også vore på tur til Hardanger saft- og siderfabrikk. Her fekk me vera med på heile laupet frå epla vert plukka i svære kassar, køyrt til presseriet, pressa, mask og saft kvar for seg og til slutt god eplemost som me fekk drikkja så mykje vi ville av. Med oss heimatt fekk me epler til ulik bruk i barnehagen. Turen har også gått til Øydve og gardsbesøk hjå Torgeir Øydvinn og Sunniva Sæterdal. Her var sauer, hund og epler i fokus.

Dette er dei besøka me har gjennomført i haust. Me nyttar også fleire gardar i samarbeidet vårt. Og eg må understreka at Ulvik barnehage vert særst godt tekne imot uansett kva gard eller bedrifter me besøker. Tusen takk til alle dykk 😊

Som de ser har Ulvik barnehage godt samarbeid med ulike aktørar. Difor passar det godt å avslutte med eit fint afrikansk ordtak som lyder slik:

«Det trengst ein heil landsby for å fostra eit barn»

Velkomen til haustfest!



Me nyttar havregraustrestar i lappane. Kjempegodt med heimelaga plommesyltetøy til.



Potetlaup

